



Ingebjørg Haugland er kvar gong eit godt kort for laget

**Før kampen mot Bergenslaget Krabbetor i ettermiddag hadde Rosendalsdamene sitt fjerdedivisjonslag vunne 2 kampar og tapt like mange, Men i denne kampen synte dei stigande fomkurve, vann 5-2 og starta truleg klatring oppover.**

**Også ein av Uskedalspelarane teikna seg på scoirngslista og det var Ingebjørg Haugland, Keeper KatrineYri Røssland gjorde også ein god figur i mål og av dei øvrige spelarane frå vår bygd var Anita Simensen og Kari Bråtun utpå matta.**

Det er fristande med ein viss samanlikning mellom herre- og damelaga til Rosendal og det verkar som om damene har eit betre treningsgrunnlag.

I alle fall vann dei framfor alt på kondisjonen i ettermiddag, dei sprang heilt enkelt frå motstandarane. Det galdt til dømes Hildegunn Guddal Samland, som vart sett inn uti 2. omgang. Men også presisjonen hennes kunne ha vore betre.

Både ho og andre somla bort fleire opplagte målsjansar. Men resultatet slik det vart må betraktast som ein styrkedemonstrasjon som lovar det beste frå eit lag som har gjort det bra tidlegare.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rosendalslaget er iferd med å reisa seg